

## Gullbrørne vart heidra på heimebane



**UNGE TALENT:** Unge skiskyttarar tok imot verdsmeistrane på raud løpar. Johannes Thingnes Bø t.v. og Tarjei Bø. FOTO: INGE FÆNN

● Verdas beste skiskyttar-brør vart heidra som seg hør og bør då Stryn kommune og Markane IL inviterte til fest i Stryn Kulturhus i påska.

● Johannes Thingnes Bø og storebror Tarjei var populære gjester på heimebane. Der Johannes og vart tildelt Stryn kommune sin kulturpris. **SIDE 17**



**Påske med sol, snø, og høge temperaturar**

**SIDE 8, 9, 18, 19, 20**

**Stor skogbrann i Hornindal for 6.600 år sidan**

**SIDE 5**



**Årets cruise-sesong er i full gang**

**SIDE 13**



**Den lokal-historiske filmen om Utvik samla tre fulle hus**

**SIDE 16**



**Meisteren bak dragehovudet på Myklebustskipet**

**SIDE 6**



**No lammar det for fullt rundt om i fjøsane**

**SIDE 12**





**GJESTER:** Dag Asle Mykløen og Dag Indrebø (midten) har òg digitalisert gamle filmar hos Filmdigitalisering til sine prosjekt. Dei var invitert til Utvik av Steinar Hilde (t.v.) og Roger S. Bruland (t.h.).

## – Kvar bygd bør ha sin film

Utvikfilmen er ein av fleire lokalhistoriske filmar som er realisert takka vere det avanserte digitaliseringsutstyret hos Filmdigitalisering i Innvik.

Frå å drive rein digitaliseringsverksemd, fann Steinar Hilde ut at han sat på unikt verktøy til å produsere lokalhistoriske filmar. Det starta i 2005 med innsamling av film, lyd og bilde til det som skulle bli første produksjon. Det var Innvikfilm 1, som hadde premiere 17. mai 2013. Sidan den tid har det blitt laga både bygdefilmar og historiske filmar til bedrifter.

– Det er veldig viktig i desse produksjonane å ta vare på opphavsrettane. Vi hentar inn skriftleg avtale om retten til visning, og arkivering av avtalt materiell med eigarane. Filmene som er produsert og finansiert her kjem i regelen ikkje ut som kopiar for sal. Dette er eit viktig prinsipp, både i respekt for opphavsretten, men også for at filmene skal behalde eksklusiviteten, fortel Hilde.

– Etter mi meining burde kvar bygd ha sin film, dette fremjar identitet, historieforteljing og fellesskap på høgt nivå. Kongstanken er at når alle bygdelag har fått sin film, så skal vi lage ein felles historisk film for Indre Nordfjord.



**BIDRAGSVYARAR:** Anders «Svingen» Verlo (t.v.) og Audun Egge på vitjing hos Filmdigitalisering. Verlo bidrog med gamle filmklipp og Egge bidrog med skjemt og historier i Utvikfilmen.

## – Kunne ikkje gjerast betre

Anders «Svingen» Verlo blir av Hilde og Bruland trekt fram som ein særskild viktig bidragsytar til Utvikfilmen. Han var tidleg ute med å skaffe seg 8 mm-kamera, tilbake på 60-talet. Å sjå eigne opptak på storskjerm var både moro og litt frustrerande.

– Nei, ein ser no feila som ikkje skulle vore der då. Av og til då det minka på filmen vifta ein litt mykje på kameraet, humrar Verlo, og fortel at det var berre fem minuttssfilm den gong, så ein burde ha ein

god plan på kva som skulle filmast. Han er elles svært nøgd med jobben Hilde og Bruland har gjort.

– Eg tykte det var veldig bra. Det kunne ikkje gjerast betre. Ut frå forventingane var det langt over det eg hadde venta. Det var godt redigert saman, ut frå spennet i det dei hadde å arbeide med. Heilt fantastisk, seier Verlo.

**ROY ARON MYKLEBUST**  
roy.aron.myklebust@fjordingen.no



**TRE FULLE UNGDOMSHUS:** Mellom 250 og 300 personar fann vegen til ungdomshuset Urdabrunn i Utvik for å få med premieren på den lokalhistoriske filmen om bygda. – Målet var at ein skulle bli både rørt, le og fryse ned etter ryggen, fortel Steinar Hilde. Her er det tydeleg at dei har lukkast med å få fram latteren i alle fall. FOTO: HILDE/ BRULAND

● Lokalhistorisk film om Utvik samla tre fulle hus:

# Filmsuksess

Langfredag var det premiere på den historiske Utvikfilmen. Og det måtte ekstraframsyning til for å få plass til alle.

Utvikfilmen er laga av Steinar Hilde i Filmdigitalisering i Innvik, i godt samarbeid med utvikar og NRK-reporter Roger Sevrin Bruland. Dei kan fortelje om stor oppslutnad då filmen vart vist i Urdabrunn fredag.

– Eg har ikkje eksakt tal, men dei snakka om mellom 250 og 300. Planen var framsyning klokka 18 og 20, men vi måtte setje opp ei framsyning til kl. 22, fortel Hilde.

– Har de fått tilbakemeldingar på filmen?

– Dei få eg har snakka med har skrytt fælt. Det er så travelt å vere arrangør at eg nesten ikkje har hatt kontakt med nokon, smiler Hilde.

Godt oppmøte betyr også eit viktig økonomisk bidrag til bygda. – Ungdomslaget fekk halve billettinntekta, og tok seg av billettsal og utsetjing av stolar. Vi håpar inntekta kjem vel med til istandsetjing av arealet rundt Urdabrunn etter flau-men, seier Hilde.

### – Rørande å sjå

Roger Sevrin Bruland skulle etter planen berre bidra med nokre mindre sekvensar i filmen, men vart biten av basillen.

– Eg skulle eigentleg vere med i to dagar for å redigere inn nokre sekvensar frå flau-men i Utvik, men det var så kjekt å «henge med» Steinar at vi heldt vel på i to månadar.



**MOELVEN:** Filmen til Anders Verlo frå Moelven i 1972 var tapt fram til nokre veker før framsyninga. Men då fann Monica Skrede den på ei hylle i fabrikkjen. Erling Carlsen (t.v.) og Jakob Verlo.



**NYARE DATO:** Ute i steinbrotet til Moldereim skifer fortalde Tore Drageset om då han hadde nærkontakt med ei ørn. **STILLBILDE FRÅ UTVIKFILMEN**

Resultatet er ein montasjefilm der spenninga ligg i at ein ikkje heilt veit kva som kjem i neste scene, fortel Bruland.

– Men eigentleg er det eit unikt historisk dokument – og sjølv synest eg det var rørande

å sjå mange av desse «gamlekarane» frå Utvik som eg hugsar frå barndommen, seier han. Bruland trur filmen treff på fleire måtar.

– Eg trur folk ikkje berre likte filmen, men dei hadde eit behov for å sjå litt frå gamle dagar, og eg trur det var god terapi å få sjå flaumbilda igjen, sjølv om det er vondt å sjå på. Og sikkert godt å sjå, når trenden er sløkte gatelyst og nedlagde skular og barnehagar, at det er muleg å kjempe litt tilbake mot overmakta sjølv om ein bur her ute i periferien.

Filmskaparane understrekar at det er litt tilfeldig kva som er kome med, det kom an på kva dei klarte å samle inn av materiale.

– Men det er også ein del av sjarmen med slike bygdefilmar, som er ein veldig lokal sjanger, og desto meir løje å lage.

**ROY ARON MYKLEBUST**  
roy.aron.myklebust@fjordingen.no